



Årsmelding 2014

5. DRIFTSÅRET

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad
Organisasjonsnummer: 996 124 789

STYRANDE ORGAN 31. DESEMBER 2014

GENERALFORSAMLING:

Medlem kundevald:

Torgny Nundal	Husnes	Leiar
Bjørn Terje Eikeland	Sandvoll	Nestleiar
Ingvill Gåsemyr Sæberg	Dimmelsvik	
Terje Eikemo	Utåker	
Kjell Yri	Uskedalen	
Ingvald Nedrevåg	Seimsfoss	
Ann Helen Langmo	Rosendal	
Øystein Hellesøy	Løfallstrand	
Steinar Haugan	Valen	
Inger Lise Bondhus	Mauranger	
Kristian Hus	Husnes	
Hans Jakob Berge	Ølve	
Asbjørn Soltveit	Rosendal	
Ann Elisabeth Enes	Ænes	
Grete Lise Sjø	Valen	

Medlem kommunevald:

Jostein Grov	Uskedalen
Øyvind Lernes	Rosendal
Steinar Prestnes	Valen

Varamedlem kundevald:

Lars Arne Revne	Ølve
Frank Søllesvik	Dimmelsvik
Torill Lyngnes	Matre
Brynjulf Lie	Herøysundet
Oddvar Eikenes	Husnes
Svein Bjarte Veastad	Herøysundet
Lise Christensen Sætrevik	Rosendal

Varamedlem kommunevald:

Trude Tveitnes	Rosendal
Ole Torbjørn Holmedal	Utåker

STYRE:

Medlem

Svein Arne Eidsvik	Herøysundet	Leiar
Frøydis Sjø Fjellhaugen	Matre	Nestleiar
Synnøve Solbakken	Valen	
Jorunn K. Nordtveit	Valen	

Varamedlem

Olav Ulvenes	Ølve
Kjell Yri	Uskedalen
Torgny Nundal	Husnes

VALNEMND:

Medlem

Kjell Yri	Uskedalen	Leiar
Asbjørn Soltveit	Rosendal	Nestleiar
Terje Eikemo	Utåker	
Lars Arne Revne	Ølve	
Inger Lise Bondhus	Mauranger	

Om SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Bakgrunn

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad vart skipa 1. november 2010 med forretningskontor i Kvinnherad Kommune. Forstandarskapet i Kvinnherad Sparebank og representantskapet i SpareBank 1 SR-Bank gjorde i møter den 28. juni 2010 vedtak om at dei interesser som bankane representerte ville vera best tente med at sparebankverksemda i Kvinnherad Sparebank vart overteken og vidareført gjennom SpareBank 1 SR-Bank, og at Kvinnherad Sparebank etablerte ei stifting som skal fremja sparebankverksemd i Kvinnherad Sparebank sitt marknadsområde gjennom å eiga eigenkapitalbevis og disponera utbytte til almennyttige føremål.

Føremål

Stiftinga sitt føremål er å forvalta eignelutar som stiftinga vart tilført ved skipinga, og å stå for eit langsiktig og stabilt eigarskap i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga skal i tillegg plassera midlane på ein føremålstenleg og trygg måte ut frå omsynet til trygd, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga sitt føremål skal vidare vera å gje bidrag til almennyttige føremål.

Ved disposisjonane sine skal stiftinga først og fremst ta omsyn til det distriktet som har bygd opp kapitalen til tidlegare Kvinnherad Sparebank.

Ved verksemda si skal stiftinga støtta SpareBank 1 SR-Bank ASA i deira vidareføring av sparebanktradisjonane.

Elles kan stiftinga stå for anna verksemd som kan sameinast med nemnde føremål og dei rammer som til ein kvar tid fylgjar av regelverket for sparebankstiftingar.

Kapital

Stiftinga vart skipa med ein samla kapital på 350 000 000 kroner.

Grunnkapitalen var på 330 000 000 kroner fordelt på 6 069 934 eigenkapitalbevis i SpareBank 1 SR-Bank, kvart pålydande kroner 25,-. I tillegg til dette vart stiftinga tilført eit kontantbeløp på 20 000 000 kroner frå SpareBank 1 SR-Bank.

Grunnkapitalen vart gjennom vedtektsendring i generalforsamlinga 19. juni 2012 sett ned til 151 748 350 kroner fordelt på 6 069 934 aksjar, kvar pålydande kr 25 i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Styret si årsmelding for 2014

Aktivitetar i 2014

Viktige aktivitetar i året 2014 har mellom anna vore:

- Handsaming av 149 søknader og tildeling av 71 gåver på til saman 6,190 millionar kroner
- Vidareutvikling av internkontrollsystem, finansstrategi og styringsdokument i stiftinga

Generalforsamlinga har hatt 2 møter og styret 13 møter i 2014.

Resultatrekneskapet 2014

Rekneskapet syner eit driftsresultat på minus 2 166 269 kroner.

Resultatet i året vart minus 2 048 628 kroner etter finansinntekter og nedskriving av verdien på finansielle anleggsmiddel.

Dei 6 069 934 eigenkapitalbevisa i SpareBank 1 SR-Bank stiftinga tok i mot ved skipinga hadde opphavleg samla verdi 330 000 000 kroner. SpareBank 1 SR-Bank vart 1. januar 2012 omdanna frå eigenkapitalbevisbank til allmennaksjeselskap (ASA). Stiftinga vart i samband med dette tildelt 1 aksje for kvart eigenkapitalbevis vi eigde.

Endringar i marknadsverdien av aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA har stor påverknad på stiftinga sitt årsresultat. I 2013 vart det til dømes resultatført reversering av tidlegare nedskriving med 102 680 972 kroner, noko som gav det uvanleg gode resultatet på pluss 110 741 979 kroner.

For 2014 er det resultatført ei nedskriving av finansielle anleggsmiddel på 10 569 723 kroner.

Stiftinga fekk i 2014 utbetalt 9 962 533 kroner i utbyte frå SpareBank 1 SR-Bank ASA for 2013. Stiftinga hadde i tillegg renteinntekter på 762 606 kroner.

Kapitalen

Eiga var ved årsskiftet 353 176 952 kroner, noko som er ein nedgang på 8 437 253 kroner frå 361 614 205 kroner ved utgangen av 2013. Dette skuldast i hovudsak nedskrivinga av finansielle anleggsmiddel.

Grunnkapitalen er 151 748 350 kroner. Årsresultatet, minus 2 048 628 kroner, er dekkja ved overføring frå annan eigenkapital som etter dette er 148 097 085 kroner.

Stiftinga sine ålmennyttige gåvetildelingar er viktige for lokalsamfunna. Det er ikkje overskot å disponera i 2014, men likviditeten til stiftinga er god. Det er difor gjort framlegg om å nytta 10 000 000 kroner frå gåvefondet til gåver for tildeling hausten 2015 og våren 2016. Gåvefondet vert såleis redusert frå 49 301 910 kroner til 39 301 910 kroner.

Hovuddelen av kapitalen til stiftinga er aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA.

Stiftinga eig 6 069 934 aksjar tilført ved skipinga til kostpris 330 000 000 kroner.

Marknadsverdi var ved årsskiftet 319 430 277 kroner mot 364 196 040 kroner ved førre årsskifte. Resultatført verdiendring i 2014 er minus 10 569 723 kroner.

Stiftinga kjøpte 156 649 aksjar i SpareBank 1 SR-Bank ASA ved emisjonen i 2012.

Kostpris for desse var 4 229 523 krone. Marknadsverdi ved årsskiftet var 8 244 437 kroner mot 9 398 940 kroner ved førre årsskifte. Resultatført verdiendring er her 0 kroner.

Marknadsverdien av aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA var såleis ved årsskiftet til saman 327 674 714 kroner.

Styret kan ikkje selja av dei 6 069 934 aksjane i SpareBank 1 SR-Bank ASA som vart tilført ved skipinga og som såleis høyrer til grunnkapitalen utan etter vedtak i generalforsamlinga og godkjenning frå Finanstilsynet.

Likviditeten til stiftinga er god.

Gåveutdelingar i 2014

Våren 2014 handsama styret 80 søknader om til saman ca. 9 millionar kroner i gåver. Det vart tildelt 34 gåver, i sum 2,985 millionar kroner

Ei gåve som vart tildelt med atterhald i 2013 men som enno ikkje var utbetalt, vart etter kommunikasjon med gåvemottakar trekt attende då det ikkje lenger førelåg planar for gjennomføring. Gåvemidlane, 200 000 kroner, vart deretter tildelt andre søkjarar hausten 2014.

Hausten 2014 handsama styret 66 søknader om til saman 7,2 millionar kroner i gåver. I tillegg vurderte styret gåver til gode tiltak utan at de førelåg søknad. Det vart tildelt 3 slike gåver. Til saman vart det tildelt 37 gåver, i sum 3,205 millionar kroner.

Oversyn tildelte gåver våren 2014 og hausten 2014 er del av denne årsmeldinga.

Tilsette

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 60 % stilling.

Administrative tilhøve

Styret i stiftinga har vedteke at kontorstaden skal vera Husnes, og har inngått leigekontrakt med Kest Eiendom AS om leige av kontor i Stabburshaugen 5, 5460 Husnes.

iDrift AS er engasjerte som leverandør av IT-tenester, både utvikling og drift.

Tveit Regnskap AS er engasjert som lønsskontor og rekneskapsfører.

Deloitte AS er engasjert som revisor. Stiftinga nyttar Selmer DA som juridisk rådgjevar.

Indre og ytre miljø

Stiftinga har dagleg leiar tilsett i 60 % stilling. Det har ikkje vore sjukefråvær.

Det har ikkje vore noko å utsetja på arbeidsmiljøet. Aktivitetane til stiftinga har ikkje ureina ytre miljø, og representerte heller ikkje risiko for slik ureining.

Framtidsutsikter

Den noko urolege økonomiske situasjonen i verda, og ikkje minst den låge oljeprisen, vil i 2015 påverka oss her i Noreg. Vi ser no sterkt reduksjon i olje og gassrelaterte investeringar, noko som vil gjera oss meir avhengige av andre næringar framover, ikkje minst her på Vestlandet.

Dei norske styresmaktene sine krav til kapitaldekning i bankane er strama monaleg inn og er mellom dei strengaste i Europa. Norske bankar har difor dei seinare åra halde att utbyte og også gjennomført emisjonar.

Dette har ført til reduksjon i utbyte frå bankane og såleis lågare direkte rentabilitet på den investerte kapitalen for eigarane.

Verdiane vert på denne måten verande i banken og aukar soliditeten og for oss tryggleiken for kapitalen. Nesten alle aksjane våre i SpareBank 1 SR-Bank ASA er del av grunnkapitalen og kan etter lovverk og vedtekter ikkje seljast utan etter vedtektsendring i generalforsamlinga og deretter særskilt løyve frå Finanstilsynet.

Vår hovudinntektskjelde er og skal vera utbyte frå desse aksjane.


SpareBank 1 SR-Bank ASA har no delt ut utbyte til stiftinga for 2014 med kroner 2 pr. aksje, totalt 12 453 166 kroner.


At SpareBank 1 SR-Bank ASA held fram med gode driftsresultat og ter seg slik at kundane vil nytta banken vil vera avgjerande for økonomien og aktivitetane til stiftinga frametter.

Husnes 20.05.2015

Styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Styrenestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn K Nordtveit
Styremedlem


Åsmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

Gåvetildelingar frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad våren 2014

Organisasjon	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Gåve
893 301 992	Interesselaget Postvegen Ølfernes - He	Opptrykk av postvegbook	10 000
987 035 706	Valestiftinga	Opprusting av aktivitetsområdet ved Sagefallene	10 000
971 020 962	Stord IL Handballgruppa	Minihandballmål	15 000
995 070 790	Husnes Indremisjon / KRIK-Nattcafe	Vidareføring av nytt lokale for born og ungdom	20 000
993 877 050	Stord Rockeklubb	Workshop 2014	20 000
993 792 624	Kvinnherad Roklubb	Båtbryggjer	20 000
993 553 425	Varaldsøy Idrettslag	Utebenkar på Varaldsøy	20 000
912 667 421	AKTIVITETSPARKEN	Beplantning langs turveg i Husnes idrettspark	30 000
995 322 714	OPTIMISTEN	Sansehage ved Halsnøytunet	30 000
976 994 744	Husnes og Holmedal Sokneråd	SIKVAL	30 000
993 600 989	Kvinnherad Handballklubb	HU-laget	30 000
913 423 909	Exit Rosendal Ungdomsklubb	Oppgradering av DJ-utstyr i Rosendal Ungdomskl	40 000
988 338 559	Judo Klubb Stord	Mattekjøp	40 000
889 387 122	Langeland skulekorps	Aspirantane og 1.års-korpsingane	40 000
999 141 765	Teater SAFT	Dramatisering av Reveenka	40 000
996 866 254	Topp Vel	Stien til Trolltunga gjennom Brakufsa	45 000
993 950 181	Seimsfoss grendalag	Tilbygg (bakstehus) til laftastove	50 000
974 614 650	Kvinnherad Ungdomsenter	Biljardrom Kvinnherad ungdomsenter	55 000
983 659 284	Rosendalstiftinga	Steinparken: verkstad og varmastove	70 000
983 647 472	Husnes skulekorps	Instrument og uniformer	75 000
883 574 702	Odda skyttarlag	Oppgradering elektronisk miniatyrskytebane	75 000
991 272 399	UTÅKER BYGDALAG	Nye vindu til Utåker Bygdehus	75 000
912 667 421	AKTIVITETSPARKEN	Utvikling av tre (3) aktivitetsflater	90 000
987 248 378	Kvinnherad Røde Kors Hjelpekorps	Utstyr, kompetanse, rekruttering	100 000
896 937 472	Interesselaget for Galeas Gurine	Restaurering av Galeas Gurine	100 000
989 633 759	Venelaget for Gruo	Rehabilitering av Heistårnet ved Stordø Kisgrube	100 000
988 095 869	Stord Røde Kors Hjelpekorps	Utstyr, kompetanse, rekruttering	100 000
983 771 645	Rosendal turnlag - fotball	Fotballmål 5ar og 7ar mål (mål til dei yngre spela	105 000
997 226 763	Foreninga Rosendal idretts- og fritidspa	RIF steg 2 - Skate/BMX-park	150 000
975 834 662	Odda Røde Kors Hjelpekorps	Utstyr, kompetanse, rekruttering	150 000
912 428 737	Maurstiens venner	Hinderløype på Husnes	250 000
893 301 992	Interesselaget Postvegen Ølfernes - He	Restaurera Postvegen frå Kolasletta til Raudsteir	250 000
998 475 309	Arbeidsgruppa Valeparken	Valeparken	350 000
993 571 148	I.L. Strand Ulv	IL Stand Ulv Idrettsbane i Ølve	400 000
		TOTALSUM TILDELT	2 985 000

Gåvetildelinger frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad hausten 2014

Organisasjon	Namnet til laget/organisasjonen	Kva vert prosjektet/tiltaket kalla?	Gåve
995 070 790	KRIK-Nattcafé	Utstyrskjøp nattcafé	5 000
999 097 340	Odda Dramatiske selskap	Der fikk du ett svensk folkestykke	5 000
972 386 766	Stord IL - Friidrett	Oppgradering av høgdematte på Stord Stadion	10 000
988 095 869	Stord Røde Kors	Sommaravslutning for Barnas Røde Kors	10 000
993 480 096	Rosendal Speidargruppe	Lavvo og kokeapparat til bruk på kretsleir Enæs	15 000
971 356 545	Husnes Vekst	Badeflåte i Borvika	16 000
964 967 636	Seniorgruppa ved Frivilligsentralen	Førebyggjande frivillige aktivitetar for eldre	24 000
995 399 415	Kvinnherad Røde Kors Omsorg	Tiltak i høve jul	30 000
983 470 343	Stord Bordtennisklubb	Oppgradering av treningslokale Bordtennishallen	40 000
988 338 559	Judo Klubb Stord	Aktiv judo for barn og ungdom	40 000
885 412 912	Uskedal skulemusikk	Nye uniformar	45 000
976 886 429	Stord Idrettslag, turngruppa	Rehabilitering turnhallen på Vikahaugane	50 000
975 834 662	Odda Røde Kors Omsorg	Omsorgsarbeide	50 000
993 405 280	Åkra Bygdalag	Kvitevarer og dugnadsmateriell til Buo Kafe	50 000
993 516 953	Ænes og Mauranger Bygdalag	Oppgradering av samfunnshus	50 000
989 419 501	ÆNES GRENDALAG	Oppgradering av Grendahuset på Ænes	50 000
993 461 059	Matre Bygdalag	Vidareutvikling av Dranesparken, sanitæranlegg	50 000
986 034 153	USKEDAL UNGDOMSLAG	NYE BORD OG STOLER I SPIESAL OG FESTSAL	60 000
913 551 273	Halsnøy samfunnshus velforeining	Enøk 2 - Halsnøy samfunnshus	65 000
996 801 888	Odda/Ullensvang Turlag	Stimerking og renovering av DNT-hytta Holmaskj	90 000
996 866 254	Topp Vel	Utbetring sti, Brakufsa	95 000
913 551 273	Halsnøy samfunnshus velforeining	Brannsikring	100 000
985 257 280	Rosendal Skulekorps	Vell blåst	100 000
880 686 682	Sunde Grendalag - Turstiar	Prosjekt Kaldestadåsen	100 000
962 979 327	Fjellhaugen Skisenter AS	Arenabygg i Fjellhaugen trinn 2	100 000
993 600 989	Kvinnherad Handballklubb	Oppgradering av kjøkken og kiosk i Husneshallen	100 000
989 633 759	Venelaget for Gruo	Rehabilitering av Heistårnet ved Stordø Kisgrube	100 000
896 937 472	Interesselaget for Galeas Gurine	Restaurering av galeas Gurine	120 000
991 056 785	Omvikdalen IL	Opprusting av ballbinge.	130 000
913 551 273	Halsnøy samfunnshus velforeining	Oppgradering av ungdomslokaler	135 000
993 754 390	Odda Ungdomslag	Nytt kjøkken	150 000
998 778 239	HATLESTRAND BYGDELAG	Hatlestrand Leikepark	150 000
893 301 992	Interesselaget Postvegen, Ølfernes - H	Vedlikehald av Postvegen	150 000
974 249 138	Idrettslaget Trio	Utstyr til friidrettsbane.	160 000
995 399 415	Kvinnherad Røde Kors Omsorg	Sosialt hygge og samvær for eldre og einslege	160 000
964 967 636	Alle friviljuge lag og organisasjonar i Kv	Utstyr til bruk ved arrangement	300 000
959 491 860	Rosendal Samfunnshus BA	Nye stoler og bord til Rosendal Samfunnshus	300 000
		TOTALSUM TILDELT	3 205 000

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Resultatrekneskap

NOTAR	DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2014	2013
3	Lønskostnad	1 275 558	1 129 532
7	Avskrivning på varige driftsmidler	5 146	12 082
3	Annan driftskostnad	885 565	808 336
	Sum driftskostnader	<u>2 166 269</u>	<u>1 949 950</u>
	Driftsresultat	<u>-2 166 269</u>	<u>-1 949 950</u>
	FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER		
	Anna renteinntekt	762 606	694 732
	Anna finansinntekt	9 962 533	9 339 875
6	Nedskrivning av finansielle anleggsmiddel	-10 569 723	102 680 972
	Annan rentekostnad	125	0
	Annan finanskostnad	37 650	23 650
	Resultat av finansposter	<u>117 641</u>	<u>112 691 929</u>
	Resultat i året	<u>-2 048 628</u>	<u>110 741 979</u>
	OVERFØRINGAR		
	Avsett til annan egenkapital	0	104 741 979
	Overføring frå annan egenkapital	2 048 628	0
	Avsetjing til gaver	0	6 000 000
5	Sum overføringar	<u>-2 048 628</u>	<u>110 741 979</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember


NOTAR	EIGA	2014	2013
	Anleggsmidler		
	Varige driftsmiddel		
7	Driftslausøre og inventar	56 331	0
	Sum varige driftsmiddel	<u>56 331</u>	<u>0</u>
	Finansielle anleggsmidler		
6	Investeringar i aksjar	319 430 277	330 000 000
	Sum finansielle anleggsmidler	<u>319 430 277</u>	<u>330 000 000</u>
	Sum anleggsmidler	<u>319 486 608</u>	<u>330 000 000</u>
	Omløpsmiddel		
	Krav		
	Andre kortsiktige krav	15 453	15 453
	Sum krav	<u>15 453</u>	<u>15 453</u>
	Investeringar		
6	Andre finansielle instrument	4 229 523	4 229 523
	Sum investeringar	<u>4 229 523</u>	<u>4 229 523</u>
2	Bankinnskot, kontantar og liknande	<u>29 445 368</u>	<u>27 369 230</u>
	Sum omløpsmiddel	<u>33 690 344</u>	<u>31 614 205</u>
	SUM EIGA	<u>353 176 952</u>	<u>361 614 205</u>


SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Balanse pr. 31. desember

NOTAR	EIGENKAPITAL OG GJELD	2014	2013
	Eigenkapital		
	Innskoten eigenkapital		
	Grunnkapital	151 748 350	151 748 350
	Sum innskoten eigenkapital	<u>151 748 350</u>	<u>151 748 350</u>
	Opptent eigenkapital		
	Gåvefond	39 301 910	49 301 910
	Annan eigenkapital	148 097 085	150 145 713
	Sum opptent eigenkapital	<u>187 398 995</u>	<u>199 447 623</u>
5	Sum eigenkapital	<u>339 147 345</u>	<u>351 195 973</u>
	Kortsiktig gjeld		
	Leverandørgjeld	159 448	87 089
	Skuldige offentlege avgifter	186 137	168 700
4	Avsett til gåveutdeling	13 610 000	10 080 000
	Annan kortsiktig gjeld	74 021	82 443
	Sum kortsiktig gjeld	<u>14 029 606</u>	<u>10 418 232</u>
	Sum gjeld	<u>14 029 606</u>	<u>10 418 232</u>
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	<u>353 176 952</u>	<u>361 614 205</u>


Husnes, 20.05. 2015


Svein Arne Eidsvik
Styreleiar


Frøydis Johanne Sjø Fjellhaugen
Nestleiar


Synnøve Solbakken
Styremedlem


Jorunn Kjellfrid Nordtveit
Styremedlem


Åsmund Kåre Rørvik
Dagleg leiar

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2014

Note 1 – Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998 og NRS 8 – God rekneskapsskikk for små føretak. Rekneskapsprinsippa følger under.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eiga og gjeld

Eiga bestemt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmiddel. Annan eiga er klassifisert som omløpsmidlar. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år er klassifisert som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande reglar lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris, korrigert for nedskrivingar og avskrivingar. Nedskriving vert gjort når forskjellen mellom verkeleg verdi og bokført verdi er vesentleg, og verdifallet ikkje er forventa å vere av forbigåande art. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid blir avskrivne planmessig.

Børsnoterte finansielle anleggsmiddel vert vurdert til det lågaste av marknadsverdi og kostpris.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominelt motteke beløp på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje skrivne opp til verkeleg verdi som følgje av renteendring.

Gåvefond er klassifisert som eigenkapital. Det er generalforsamlinga som gjev styret fullmakt til utdeling av gåvefondet.

Stiftinga utøver ikkje skattepliktig verksemd.

Note 2 – Bankinnskot

Av likvidar i balansen pr. 31.12. utgjer bundne midlar i skattetrekk kr 131.472. Beløpet dekkjer skuldig skattetrekk pr. 31.12.

Note 3 – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Lønskostnad	2014	2013
Løn	591.651	567.337
Folketrygd	122.290	109.679
Pensjonskostnader	31.928	32.089
Andre ytingar	529.689	420.427
Sum	<u>1.275.558</u>	<u>1.129.532</u>
Antall årsverk sysselsett i rekneskapsåret	<u>0,6</u>	<u>0,6</u>

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2014

Note 3 forts. – Lønskostnad, tilsette, godtgjersle, lån til tilsette m.m.

Ytingar til leiande personar	Daglig leiar	Styret/GF
Løn	575 731	11 626
Anna godtgjersle	5 737	524 459
Kostnader til revisor:	2014	2013
Lovpålagt revisjon	47.000	40.000
Skatterådgjeving	0	3.750
Andre tenester utanfor revisjonen	14.000	18.375
Sum	<u>61.000</u>	<u>62.125</u>

Alle tal er oppgjevne inklusiv mva.

Note 4 – Gåveutdelingar

	2014	2013
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 1.1.	1 080 000	1 534 000
Tildelte gåver	5 990 000	5 581 000
Utbetalte gåver	<u>-6 470 000</u>	<u>-6 035 000</u>
Tildelte, ikkje utbetalte gåver 31.12.	600 000	1 080 000
Tidlegare avsett gåveutdeling, ikkje tildelt 31.12.	3 010 000	3 000 000
Avsett overskot 2013 til gåvetildeling i 2014 og 2015	0	6 000 000
Frigjeve frå gåvefond 2014 til gåvetildeling i 2015 og 2016	<u>10 000 000</u>	<u>0</u>
Totalt gåver til utdeling 31.12.	<u>13 610 000</u>	<u>10 080 000</u>

Note 5 – Eigenkapital

	Grunnkapital	Annan EK	Gåvefond	Sum EK
Eigenkapital 1.1.2014	151 748 350	150 145 713	49 301 910	351 195 973
Frå gåvefond 2014 til gåveutdeling 2015 og 2016		0	-10 000 000	-10 000 000
Resultat i året		-2 048 628	0	-2 048 628
Eigenkapital 31.12.2014	151 748 350	148 097 085	39 301 910	339 147 345

- Av vedtekne og tildelte gåver i 2014 er det kr 600.000 som framleis ikkje er utbetalt. Desse er klassifisert som gjeld i rekneskapen.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Notar til rekneskapen 2014

Note 6 – Aksjar i Sparebank 1 SR-Bank

	Antal	Eigardel	Kostpris	Marknads- verdi	Resultatført nedskriving
Sparebank 1 SR-Bank 1)	6.069.934	2,37 %	330.000.000	319.430.277	-10.569.723
Sparebank 1-SR Bank HFO 2)	156.649	0,06 %	4.229.523	8.244.437	0
Sum	6.226.583	2,43 %	334.229.523	327.674.714	-10.569.723

1) Aksjane er klassifisert som anleggsaksjar.

2) Aksjane er klassifisert om omløpsaksjar.

Note 7 – Varige driftsmidlar

	Kontor- maskiner
Anskaffingskost pr. 1.1.	0
Tilgang i året	61.477
Avgang til anskaffingskost	0
Anskaffingskost pr. 31.12.	61.477
Akkumulerte avskrivingar pr. 31.12.	5.146
Bokført verdi pr. 31.12.	56.331
Avskrivingar i året	5.146

Forventa økonomisk levetid

3 år

Avskrivingsplan

Lineær

Til styret i SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

MELDING FRÅ REVISOR

Fråsegn om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad, som viser et underskot på kr 2.048.628. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2014, og resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvise bilete i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggjande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga sin utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvise bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av stiftinga sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvise bilete av den finansielle stillinga til SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad per 31. desember 2014 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine regler og god rekneskapsskikk i Noreg.

Utsegn om andre tilhøve*Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.


Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av stiftinga sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Konklusjon om utdelingar og forvalting

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendig etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon», meiner vi stiftinga er forvalta og utdelingar er føreteke i samsvar med lov, stiftinga sitt formål og vedtektene for øvrig.

Bergen, 20. mai 2015
Deloitte AS



Jon-Osvold Harila
statsautorisert revisor